

Møtereferat Campusmøte Sogndal

Dato: 11.09.2024

Tid: Kl. 12.30-15.00

Stad: Stort møterom Foss og digitalt

Til stades: Sigurd Sandvold (leiar), Monica Wammen Nortvedt (nestleiar, digitalt), Sandra Opheim (FHS), Deta Gasser (FIN), Frode Fretland (FLKI), Øyvind Midtbø Berge (FTMS, digitalt), Geir Kåre Resaland (prorektor for regional utvikling), Tone Skjerdal (samfunnskontakt og sekretær)

Forfall: Nils-Werner Strypet og Joar Våge Anspach (studentrepresentantar)

Gjester: Anders Lønbø Navarsete, eining for studentopptak (sak 9/24), Stine Stangeland Bach og Jeppe Jeppesen, kommunikasjonsavdelinga (sak 10/24 og 11/24).

Observatør: Ragnhild Margit Arnesen, internrevisor

Sakliste

Sak	Tittel	Ansvarleg	Tidsbruk
7/24	Godkjenning av innkalling og sakliste	Møteleiar	5 minutt
8/24	Aktiv læring som profil i Sogndal - Omvising - Diskusjon om vidare arbeid	Håkon Georg Grung Moe Møteleiar	20 minutt 30 minutt
	<i>Pause</i>		10 minutt
9/24	Møtt-tal campus Sogndal. Orientering	Anders Lønbø Navarsete	10 minutt
10/24	Omdømme og studentrekruttering, campus Sogndal	Jeppe Jeppesen og Stine Stangeland Bach	50 minutt
11/24	Ymse - saker til orientering	Møteleiar	10 minutt

7/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkallinga vert utsend seinast 5.9.24. Referat frå møtet 24.5 er godkjent på sirkulasjon.

Ønske om nyheitssak til Vestibylene i etterkant av møtet.

Geir Kåre Resaland ønskjer å innleia om Sogndal og studentrekruttering i samband med medieoppslag den siste veka. Saka vert lagt etter sak 9.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent med ny sak etter sak 9.

8/24 Aktiv læring som profil i Sogndal. Omvisning og diskusjon

Prosjektleder Håkon Georg Grung Moe hadde saman med Reidun Fretland (FLKI) omvisning i nytt læringsareal for varierte undervisningsformer i Fossbygget.

Diskusjon om vidare arbeid med aktiv læring og varierte læringsformer.

- Kommunikasjon bør ta bilete av det nye rommet med studentar i ulike læringssituasjonar, og bruka rommet i profileringa av Sogndal.
- Viktig å få erfaringsdeling om bruk av rommet
- Profil med brei forståing av aktiv læring er forankra i campusutviklingsprosjektet i Sogndal, men Campusmøtet kan ikkje vedta at profilen skal gjelda på overordna nivå
- Kan det vera aktuelt med eit involverande seminar der om begrepet aktiv læring?
- Semje om å etablere ei arbeidsgruppe for aktiv læring

Vedtak:

1. Campusmøtet rår fakulteta til å peika ut representantar til arbeidsgruppe for deling av erfaringar med aktiv læring. Ansvar: Prodekanane for regional utvikling
2. Campusmøtet rår til at toppleinga trekkjer inn aktiv læring som profil for Sogndal i andre relevante prosessar

9/24 Møtt-tal campus Sogndal. Orientering

Orientering frå Anders Løbø Navarsete, rådgjevar innan studentopptak. Hovudtenden er at det er vesentleg færre på vanlege campusstudium og fleire på nettbaserte studium.

Diskusjon:

- Det er ei rekkje studium som har færre søkjarar/møtte enn tidlegare, og det er summen som er vesentleg
- Har ein gjennomstrøymingstal for nettstudium?
- Er det fagområde der ein ikkje følgjer nasjonale trendar?
- Det er uheldig at det vert færre campusstudentar, men det er samstundes positivt at fagmiljøa tilpassar seg endringar i marknaden

Vedtak:

Saka vert teken til orientering.

10/24 Aktuelle mediesaker

Innleiing frå prorektor Geir Kåre Resaland med utgangspunkt i utviklinga i Sogndal og medieoppslag den siste tida. Globale og nasjonale trendar er ein del av bakteppet. Resaland understrekar at dei lokale medieoppslaga skaper energi som me må utnytta og byggja vidare på. Presentasjon i vedlegg.

11/24 Omdømme og studentrekruttering, campus Sogndal

Stine Stangeland Bach frå avdeling for kommunikasjon orienterte om kva som vert gjort innan studentrekruttering. Jeppe Jeppesen orienterte om arbeidet med merkevarebygging.

- HVL er involvert i samarbeidet med Sogn næring med ei felles satsing i Sogn knytt til omdømmebygging
- Det er positivt for merkevarebygginga at omgjevnadane til HVL så tydeleg ynskjer å vera med å løfta HVL
- Merkevara for HVL må vera den same uavhengig av kvar ein sit i organisasjonen

Innspel:

- Fakulteta og tilsette ynskjer ofte sjølve å marknadsføra fagområde og studium, og det er stor verdi i denne typen engasjement.
 - Kommunikasjonsavdelinga ynskjer å bli kontakta slik at det vert samanheng mellom dei ulike marknadsføringsaktivitetane
 - Kommunikasjonsavdelinga arbeider med «hjelp til sjølvhjelp» slik at vitskapleg tilsette kan marknadsføra på ein måte som spelar på lag med HVL sitt arbeid
- Stor interesse omkring temaet studentrekruttering. Folkeopplysing trengs!
 - Det er planlagt faglunsj om studentrekruttering for tilsette i Sogndal 25. september (*dato endra etter møtet*)

Vedtak:

Kommunikasjonsavdelinga tek med seg innspel frå Campusmøte Sogndal i vidare arbeid.

12/24 Ymse – saker til orientering

Leiar understrekar at alle kan spela inn saker til campusmøtene. Dette bør komma tydeleg fram på Vestibylen.